

Ack.no. 412.5 Torsk

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 119/82

REGULERING AV TRÅLFISKE ETTER TORSK OG HYSE NORD OM 62°
N.BR. I 1983. SØKNAD OM TRÅLKVOTE.

Farty med konsesjon som gjev rett til å tråla etter torsk og hyse nord om 62° n.br. og som ønskjer å delta i dette fisket i 1983 må søkja om å få tildelt kvote. Dette gjeld alle farty, også dei som berre skal driva med trål ein kortare periode.

Ved avgjerda om kvotestorleiken for småtrålargruppa ser vi m.a. på kva andre fiskeri fartyet skal vera med i. Vi treng derfor eit oversyn over driftplanane for 1983 for fartyet i det mon let seg gjera no.

Farty som berre fiskar torsk eller hyse som bifangst ved anna trålfiske skal ikkje søkja.

Vedlagde søknadsskjema må fyllast ut og sendast til Fiskeridirektøren, Postboks 185, 5001 Bergen innan 1. desember 1982.

Søknadsskjema får De hjå fiskerisjefane, Fiskebåtrederernes Forbund, Norske Trålrederiers Forening, Norges Råfisklag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, Sogn og Fjordane Fiskesalslag og Fiskeridirektøren.
